

Universelt utforma toalett i personalbygg ved Ådland kyrkje i Samnanger

Kyrkja på Ådland har ikkje toalett i kyrkja, men i bårehuset like ved. Dette huset har dametoalett mot preststaven og herretoalett mot gravplassen. I midten ligg det eit lagerrom. I utgangspunktet hadde me tenkt å byggja herretoalettet saman med lagerrommet å få eit større rom som stettar krava til universelt utforma toalett. Det viser seg likevel at med ein høgdeskildnad frå golvnivå til bakkenivå på 40 cm, vil rampen måtta vera så lang at han vert i vegen for ferdsla på framsida av bygget. (8 m)

Me har difor laga eit framlegg til ombygging av personalbygget slik at dette toalettet kan stetta krava som gjeld for universelt utforma toalett. For å få det til, må me laga ei ny ytterdør direkte inn på toalettet, riva ein vegg, byta ut og flytta doet og vasken og montera dusjkabinett på motsett side av rommet enn dusjen er plassert no. Døra inn til resten av personalbygget må kunna låsast av.

Me tenkjer då at den nye ytterdøra inn til dette toalettet vil vera opplåst når det er arrangement i kyrkja - medan døra inn til resten av personalbygget vil vera låst. Det er berre når det er gravferd, at kyrkjegardsarbeidarane som nyttar huset, er der samstundes med eit arrangement. (Ca 25 g. årleg) Gudstenester og konsertar er ikkje i deira arbeidstid.


Det er avklart med hovedverneombodet at det er i orden å gjera det på denne måten. Det er ikkje plass til å byggja eit nytt toalett i tillegg til det gamle.

Sjå bilda:

Personalbygget ligg til venstre for bårehuset. Den store inngangsdøra går inn til reiskapsrommet og vidare inn til resten av personalbygget. Den nye døra kjem til å koma lengst bak på den veggen som vender mot bårehuset. (Markert med raudt.) Høgdeskildnaden er her så liten, at me ved å heva sjølve plassen ved hjelp av asfalt, kan koma opp i rett høgd.

På same måte som til herretoalettet, vil dei måtta gå/køyra inn på gravplassen for å koma til toalettet. Det er asfaltert veg her. Det er god plass ved porten, til å stå sidelengs med ein rullestol om dei treng opna porten åleine. Opninga er enkel, og begge portane svingar opp når du løftar hendelen opp. Om vinteren er portane sett vekk.



Det skal finnast ein annan lagring-plass for stemplingsmaterialen, slik at det vert betre tilgjenge mellom husa. Avstanden mellom husa er tre meter ytterst og ca to lengst mot muren.



PERSONALBYGG

VEG
kombinert m.
universell utformet toalett
Ombygging

BÅREHUS



Detaljteckning

HC-toalett

Personalbygg

Herrdör
m. automatisk
öppning

